



Magne Heggøy (Rabben, til høgre) og Geir Enes (Øyro) under synfaringa onsdag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Rabben Feriesenter og Øyro Marina og Camping fekk stor ros for vilje til samarbeid av både politikarar og administrasjon då forvaltningskomiteen onsdag kunne leggja ut reguleringsplanen som partane har vorte samde om til offentleg ettersyn.**

Begge partar møtte då også fram saman både under synfaring og behandling. Og som eit første, konkret resultat av det gledelege som er skjedd fekk Rabben dispensasjon slik at dei kan forlengja flytebyggja si. Alle tiltak i området har vore ramme av byggjeforbod i påvente av reguleringsplanen.

- Partane forsto til slutt alvoret, sa verksemdsleiar Tormod Fossheim til uskedalen.no. Under synfaringa berømma han partane for vilje til å komma til ei løysing og behandlinga i komiteen var like rask og u dramatisk som striden har vore langvarig og bitter.

- Planen har lege lenge i systemet og eg er svært glad for at partane til slutt har vorte einige. No ser dei berre opp og fram og eg ynskjer lukka til, sa Øyvind Hardeland (Ap). Han streka under at det er viktig for Uskedalen å ha ein slik plan og at mangelen av den har vore ein brems på utviklinga.

Øyvind Utne (H) rosa kommunen. – Administrasjon har satsa på å få til ein god plan som kan gå gjennom, sa han og streka under kor viktig det har vore å skapa fredelege tilhøve i området. Fossheim ville på si side poengtera at "dette er dei to grunneigarane sin plan". Kommunen har spela ein liten rolle "sjølv om vi har vore behjelpelege", som han formulerte det.

Også naboar til Rabben og Øyro var innkalla til synfaringa. Mellom dei var båtlaget, der leiinga har vore spent på om deira område vil bli berørt på noko via. Men det blir det ikkje og talspersonane var svært nøgde med det..

Av Ola Matti Mathisen



Verksemdsleiar Tormod Fossheim orienterer om forslaget til reguleringsplan under synfaringa. Bak han står Magne Heggøy (Rabben) og Geir Enes (Øyro). Til høgre Tove Lill Lakselv (Framtegspartiet) og Steinar Myklebust (Rabben). (Foto: Ola Matti Mathisen)